



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
23.10.2017
Dykkar dato
02.10.2017

Vår referanse
2017/8727 421.3
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Klage på dispensasjon til båtheis og kai på gnr. 14, bnr. 75 og 105 på Soltvedt

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.10.2017

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet i LNF og byggeforsbod i strandsona for å legalisere og utvide eksisterande kai og å oppføre ein båtheis.

Fylkesmannen har pga. tekniske problem ikkje mottatt saka frå dykk før 20.10.17. Det har vist seg at filer sendt frå nokre spesifikke kommunar via elektroniske dokumentutveksling (EDU) i perioden 20.09.17 – 20.10.17 ikkje dukka opp i importsentralen i ePhorte.

Vi har på grunn av dette i dag forsøkt å ringe kommunen for å få utsett frist i denne saka, men har ikkje fått tak i riktig person.

Fylkesmannen i Hordaland klagar på Radøy kommune sitt vedtak av 13.09.2017, sak 039/2017. Eventuelt spør vi om utsett frist.

Vi viser elles til vår uttale i saka og vil sende ei grunngjeving av klaga seinare. Eventuelt vil vi vurdere å trekke klagen når vi har fått føreteke ei meir detaljert vurdering av kommunen sitt vedtak.

Med helsing

Kjell Kvingedal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.